



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 25.06.2026
Tid: klokka 17.00 - 18.00

Desse møtte

Torill Oda Ringstad
Bernt Brandal
Kristian Fuglseth
Oskar Grimstad
Øyvind Grimstad

Representerer

AP
FOHA
FOHA
FRP
INP

Funksjon

medlem
ordfører
medlem
varaordfører
medlem

Forfall

Annika Hove
Ranja Dimmen Alme

Representerer

FOHA
FOHA

Varamedlem

Annika Brandal
Einar Jarle
Måseide

Representerer

V
FOHA

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Bjørnar Haddal, økonomileiar
- Johannes Bjarne Alme, einingsleiar næring
- Birgitte Monsholm Moltu, jurist kommunalteknikk
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Møte slutt: 17. 55

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 78/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/937
PS 79/26	Godkjenning av protokoll	26/937
PS 80/26	Orienteringar og spørsmål	26/937
PS 81/26	Referatsaker	26/937
PS 82/26	Høyringsinvitasjonar	26/937
PS 83/26	Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune	26/566
PS 84/26	Månadsrapport pr. mai 2026 Hareid kommune	26/566
PS 85/26	Oppheving av forskrift av stengetid for serveringsstader, Hareid kommune, Møre og Romsdal	26/857

Hareid, 01.07.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 78/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 79/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 80/26 Orienteringar og spørsmål

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Forslag frå ordførar Bernt Brandal om å lukke møtet under orienteringa med heimel i kommunelova § 11-5 (3) b), jf. offl. § 23 (1). Samrøystes.

PS 81/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

Samrøystes

PS 82/26 Høyringsinvitasjonar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
76/26	Høyring - Endringar i reglane om interkommunalt samarbeid
77/26	Høyring - forslag om endringar i alkohollova og alkoholforskrifta
78/26	Høyring - Forslag til endringar i forskrift om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valforskrifta) og forskrift om direkte val til kommunedelsutval
79/26	Høyring - Forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova
80/26	Høyring - Forslag til lov om gjennomføring av substansar av humant opphav
81/26	Høyring - Forslag til ny lov om det europeiske helsedataområdet
82/26	Høyring – nasjonal fagleg retningslinje for førebygging og oppfølging av skulefråvær
83/26	Høyring av forslag om spesialistgodkjenning for sjukepleiarar innafor åtte fagområde
84/26	Høyring av forslag til revidert forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg
85/26	Høyring av Nasjonal fagleg retningslinje for born fødd premature og andre nyfødde med auka risiko for nevrologiske senfylgjer - oppfølging og samarbeid etter utskriving frå nyføddeavdeling
86/26	Høyring NOU 2026:6 - Den nye velferdskommuna
87/26	Høyringsnotat om kommunale butiltak med døgnbemanning ved omsorgsovertakingar
88/26	Informasjon om høyring - ny forskrift om vektorer og dimensjonar ved køyring på offentleg veg

Vedtak:

Formannskapet tek høyringsinvitasjonane til vitende.

Behandling:

Samrøystes

PS 83/26 Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjend slik han ligg føre.
2. Kommunestyret tek til vitande at prognosen for 2026 viser eit meirforbruk på om lag 13 mill. kroner dersom det ikkje vert sett i verk nye tiltak. Kommunestyret ser alvorleg på utviklinga og understrekar at den økonomiske situasjonen krev stram styring, tydelege prioriteringar og jamleg vurdering av korrigerande tiltak.

3. Kommunestyret legg til grunn at administrasjonen vidarefører arbeidet med stram økonomistyring og jamleg kostnadskontroll innanfor alle sektorar og einingar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere og, innanfor delegert mynde, gjennomføre tiltak som kan redusere meirforbruket i 2026. Tiltak som krev politisk behandling, skal leggjast fram for politisk nivå så snart dei er tilstrekkeleg utgreidde.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren særleg vurdere om nokre av tiltaka og prioriteringane som vart drøfta i rammekonferansen, kan framskundast eller delvis setjast i verk allereie i 2026.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, som del av arbeidet med å redusere meirforbruket på eigedomsområdet, vurdere om nivået på kommunale utleigesatsar står i rimeleg forhold til kostnadene ved drift, vedlikehald og fornying av den kommunale bygningsmassen.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram konkrete og realistiske tiltak for varig økonomisk balanse i samband med arbeidet med budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.
8. Kommunestyret ber om at utviklinga i økonomien vert følgd tett opp, og at det vert rapportert særskilt om status for tiltak, risiko og prognose i neste tertialrapport.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremja nytt framlegg til vedtak:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjend slik han ligg føre.
2. Kommunestyret tek til vitande at prognosen for 2026 viser eit meirforbruk på om lag 13 mill. kroner dersom det ikkje vert sett i verk nye tiltak. Kommunestyret ser alvorleg på utviklinga og understrekar at den økonomiske situasjonen krev stram styring, tydelege prioriteringar og jamleg vurdering av korrigerande tiltak.
3. Kommunestyret legg til grunn at administrasjonen vidarefører arbeidet med stram økonomistyring og jamleg kostnadskontroll innanfor alle sektorar og einingar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere og, innanfor delegert mynde, gjennomføre tiltak som kan redusere meirforbruket i 2026. Tiltak som krev politisk behandling, skal leggjast fram for politisk nivå så snart dei er tilstrekkeleg utgreidde.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren særleg vurdere om nokre av tiltaka og prioriteringane som vart drøfta i rammekonferansen, kan framskundast eller delvis setjast i verk allereie i 2026.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, som del av arbeidet med å redusere meirforbruket på eigedomsområdet, vurdere om nivået på kommunale utleigesatsar står i rimeleg forhold til kostnadene ved drift, vedlikehald og fornying av den kommunale bygningsmassen.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram konkrete og realistiske tiltak for varig økonomisk balanse i samband med arbeidet med budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030.
8. Kommunestyret ber om at utviklinga i økonomien vert følgd tett opp, og at det vert rapportert særskilt om status for tiltak, risiko og prognose i neste tertialrapport.

Røysting:

Det blei røysta alternativt over forslaga til vedtak.

Forslaget frå Bernt Brandal: Samrøystes vedtatt

Opphavleg tilråding: 0 røyster

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 84/26 Månadsrapport pr. mai 2026 Hareid kommune

Vedtak:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for mai 2026 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Kommunestyret viser til vedtaket i saka om økonomirapport for 1. tertial 2026, og legg til grunn at vidare oppfølging av meirforbruk, kostnadskontroll og tiltak for varig økonomisk balanse vert handtert i tråd med dette vedtaket.

Behandling:

Kommunedirektør Bent Arild Grytten orienterte.

Ordførar Bernt Brandal fremja forslag om nytt punkt:

2. Kommunestyret viser til vedtaket i saka om økonomirapport for 1. tertial 2026, og legg til grunn at vidare oppfølging av meirforbruk, kostnadskontroll og tiltak for varig økonomisk balanse vert handtert i tråd med dette vedtaket.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren: samrøystes

Tilleggsframlegg frå ordførar Bernt Brandal: samrøystes

Kommunedirektøren si tilråding: Hareid kommune sin økonomirapport for mai 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 85/26 Oppheving av forskrift av stengetid for serveringsstader, Hareid kommune, Møre og Romsdal

Vedtak:

Kommunestyret vedtek vedlagte forskrift om oppheving av forskrift om stengetid for serveringsstader, Hareid kommune, Møre og Romsdal.

Behandling:

Samrøystes for tilrådinga til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek vedlagte forskrift om oppheving av forskrift om stengetid for serveringsstader, Hareid kommune, Møre og Romsdal.